

# Innst. O. nr. 12

(2000-2001)

## Innstilling frå justiskomiteen om lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotteri m.v.

Ot.prp. nr. 49 (1999-2000)

Til Odelstinget

### 1. SAMANDRAG

#### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen legg departementet fram forslag om endringar i lotteriloven som vart fremma i Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) og som justiskomiteen slutta seg til i Innst. O. nr. 33 (1999-2000), men som ikkje vart vedtekne fordi proposisjonen vart sendt attende til Regjeringa. Det gjeld lovgrunnlaget for Lotteritilsynet og Lotterinemnda, sanksjonsreglane, rekneskaps- og revisjonsplikt, krav om skilje mellom organisasjonane sine føremål og anna verksemd, 18-årsgrense for spel på gevinstautomatar og heimel for å fastsetje aldersgrense for deltaking i andre typar lotteri, samt at det vert opna for alkoholhaldige drikkevarer som gevinst i private smålotteri.

I proposisjonen vert det dessutan gjort greie for den vidare oppfølginga av Innst. O. nr. 33 (1999-2000), for vedtaka om å leggje Lotteritilsynet til Førde i Sogn og Fjordane og om å overføre ansvaret for lotteriområdet frå Justisdepartementet til Kulturdepartementet.

#### 1.2 Bakgrunnen for lovforslaget

Under handsaminga av Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) fann justiskomiteen at ei rekkje tilhøve burde vurderast nærare før det vart gitt ein ny lotterilov, jf. Innst. O. nr. 33 (1999-2000), og 16. desember 1999 vedtok Odelstinget derfor å sende proposisjonen attende til Regjeringa. Stortinget støtta likevel forslaget om at det skulle opprettast eit lotteritilsyn og ei lotterinemnd.

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak sende Justisdepartementet på høyring eit forslag om lovreglar om finansieringa av Lotteritilsynet og Lotterinemnda, og om kontrollen med aktørane på lotterimarknaden. Det vart dessutan foreslått nokre andre endringar i lotteriloven i tråd med justiskomiteen si innstilling.

#### 1.3 Vidare oppfølging av justiskomiteen si innstilling

##### *Gjennomgang av føresegnene om typegodkjenning av gevinstautomat*

Føresegn om typegodkjenning av gevinstautomatar seier at automatar typegodkjent før 1. april 1997 må tilpassast føresegna innan 1. april 2001. Organisasjonar og entreprenørar i lotterimarknaden har hevda at føresegna medfører ein fare for vesentlege inntektsreduksjonar, og i Innst. O. nr. 33 (1999-2000) ba justiskomiteen derfor departementet om å gjennomgå føresenga.

I høyringsbrevet vart det foreslått å at fristen som var sett til 1. april 2001 vart endra til 1. januar 2002. Høyringa viste at det er ein revisjon av føresegna og ikkje ein lengre overgangsperiode som er vesentleg. Departementet tok sikte på at forslag til ny typegodkjenningføresegn skulle sendast på høyring før sommaren, og at ny føresegn deretter vert vedteke så raskt som mogleg.

##### *Overføring av lotteriområdet frå Justisdepartementet til Kulturdepartementet*

Regjeringa Bondevik vedtok at ansvaret for lotteriloven og administreringa av dei private lotteria skal overførast til Kulturdepartementet frå 1. januar 2001. Regjeringa har ikkje funne grunn til å endre denne avgjerda. Ansvaret for Norsk Rikstoto vert framleis liggjande i Landbruksdepartementet.

I høyringsbrevet vart det orientert om overføringa. Ingen av høyringsinstansane sette fram vesentlege innvendingar.

##### *Samla gjennomgang av statlege og private spel og lotteri*

I Innst. O. nr. 33 (1999-2000) ba justiskomiteen departementet om å gjere ein samla gjennomgang av statlege og private spel og lotteri.

Departementet opplyser at ein vil gå gjennom rammevilkåra for dei statlege spela og private lotteria, og m.a. vurdere nærare kva for føremål som skal sjåast som lotteriverdige, om det er trong for ei deling av spele- og lotterimarknaden mellom de ulike aktørane, og om det er trong for felles reglar for marknadsføring og aldersgrense. TV-lotteri, spel på ferjer og spørsmålet om å opne for kasino m.v. vil bli utgreidd, saman med spørsmålet om nye retningslinjer for kontroll og godkjenning av skrapelodd.

#### 1.4 Lotteritilsynet og lotterinemnda

I Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) vart det føreslått å opprette eit lotteritilsyn som sentral styresmakt overfor private lotteri og tilsynsorgan overfor både private og statlege lotteri, samt ei lotterinemnd som klageinstans for vedtak som vert trefte av Lotteritilsynet. Justiskomiteen slutta seg i Innst. O. nr. 33 (1999-2000) i hovudsak til desse forslaga, og på bakgrunn av Stortinget sitt vedtak, har departementet arbeidd med sikte på at Lotteritilsynet og Lotterinemnda skal vere oppretta til 1. januar 2001. Tilsynet og nemnda skal leggjast til Førde i Sogn og Fjordane.

Tilsynet vil saman med politiet m.a. ha ansvar for føring av opplysningar i lotteriregisteret. Registeret skal innehalde oversikt over alle godkjende organisasjonar og autoriserte entreprenørar og lokalinnhavarar, samt oversikt over dei største lovlege lotteria og alle oppstilte gevinst- og underhaldningsautomatar.

Lotteritilsynet skal leiast av ein direktør som vert oppnemnd av Kongen.

Lotterinemnda skal ha 3 medlemmer oppnemnde av Kongen for fire år. Nemnda kan ikkje instruerast av departementet i einskildsaker.

Statskontrollen ved Norsk Tipping AS, Statens kontrollkomité ved Norsk Rikstoto og statens inspektører ved baner som kjører løp med totalisator skal integrerast som delar av Lotteritilsynet. Statskontrollen held fram som ei eiga avdeling av Lotteritilsynet på Hamar.

Nesten alle høyringsinstansar har uttalt seg positivt til at det vert etablert eit eige statleg lotteritilsyn. Fleire instansar uttalar at medlemene av Lotterinemnda må representere miljø som er uavhengige av lotteristyresmaktene, og meiner forslaget ikkje følgjer opp merknadene i Innst. O. nr. 33 (1999-2000) om den overordna styringa av lotteriverksemda. Samarbeidsutvalget for Norsk Humanitær Automatvirksomhet (SUNHA) og Norsk Lotteridrift ASA meiner det bør opprettast eit styre for Lotteritilsynet.

På bakgrunn av at Lotteritilsynet i det vesentlege skal fungere som eit forvaltnings- og kontrollorgan, vil det etter departementet si meining vere best i samsvar med praksis elles at tilsynet vert leia av ein direktør utan eit styre.

Politiet vil framleis ha kontrollansvar i samband med autorisering av lokalinnhavarar og handsaming

av løyve til lokale lotteri, bingoarrangement og oppstilling av speleautomatar. Politiet vert pålagt bistandsplikt overfor Lotteritilsynet. Overføringa av oppgåver frå politiet til Lotteritilsynet vil måtte skje noko gradvis. På sikt bør ein vurdere om fleire oppgåver bør overførast frå politiet til tilsynet.

Departementet meiner moglege ulemper for ein-skilde aktørar ved at Lotteritilsynet vert plassert i Førde, vil verte dempa av at Lotteritilsynet skal ha eit informasjons- og sakshandsamingssystem basert på internett-teknologi, IT-basert kontroll av omsetnaden i gevinstautomatar og høve for å halde fjernmøter.

Godkjenning av organisasjonar og lag som søker om lotteriløyve kan berre gjevast til organisasjonar som ivaretek «humanitære eller samfunnsnyttige føremål». Inntil dette kriteriet blir nærare avklart i samband med gjennomgangen av statlege og private spel og lotteri, eller det blir trekt opp nye retningslinjer, vil reglane i lotterilova om godkjenning av organisasjonar og vilkår for lotteriløyve bli praktisert i samsvar med justiskomiteen sine merknader i Innst. O. nr. 33 (1999-2000).

Unntaket frå kravet om lotteriløyve for smålotteri med ein omsetnadsramme på 100 000 kroner tek departementet sikte på å fastsetje i føresegner samstundes som det vert fastsett meldeplikt for slike lotteri.

#### 1.5 Andre forslag

##### 1.5.1 Krav om skilje mellom føremål og anna verksemd

I utkastet til ny lotterilov i Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) var det teke inn ein regel som gav organisasjonar som i tillegg opptre som lokalinnhavar eller entreprenør, pålegg om å halde verksemdene klårt skilde frå kvarandre, og som gav aktørar på lotterimarknaden pålegg om å melde krysseigarskap til Lotteritilsynet. Justiskomiteen støtta forslaget i Innst. O. nr. 33 (1999-2000).

Fleire høyringsinstansar uttalar at entreprenørar ikkje bør vere lokalinnhavar, og ønskjer å oppretthalde ei tredeling mellom aktørane: lotteriverdig organisasjon, entreprenør og lokalinnhavar.

Etter departementet si meining bør forslaget gjennomførast, jf. lovutkastet § 4 e. Om det er behov for nærare lovregulering av tilhøvet mellom organisasjon, entreprenør og lokalinnhavar, bør ein vente med å vurdere til Lotteritilsynet har vunne erfaring med regelen som vert føreslått.

##### 1.5.2 Rekneskap og revisjon

I utkastet til ny lotterilov i Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) var det teke inn ein regel om utvida rekneskaps- og revisjonsplikt for godkjende organisasjonar m.v. og for autoriserte entreprenørar og lokalinnhavarar. Justiskomiteen støtta forslaget i Innst. O. nr. 33 (1999-2000). Forslaget er teke inn i lovutkastet § 4 første leddet bokstav f.

Forslag til nærare føresegner om kven som skal ha rekneskapsplikt, vil bli sendt på høyring.

### 1.5.3 Aldersgrense for spel på automatar og deltaking i andre lotteri

I Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) vart det føreslått å innføre ei 18-års aldersgrense for spel på gevinstautomatar, og rett til å fastsetje aldersgrenser for deltaking i andre lotteri ved føresegn. Justiskomiteen sitt fleirtal støtta forslaget og ba samstundes «Regjeringa i samband med seinare sak til Stortinget vurdere trongen for aldersgrense i den totale spelemarknaden både for statlege og private pengespel», jf. Innst. O. nr. 33 (1999-2000).

Fleire høyringsinstansar sluttar seg til forslaget om at det vert fastsett ei aldersgrense for spel på gevinstautomatar, men føresetnaden er m.a. at ein innfører eventuelle aldersgrenser for statlege spel. Norsk Lokalradioforbund uttaler at forbundet ikkje kan godta at det vert innført aldersgrense for pengespel i radio.

Etter departementet si meining bør forslaget gjennomførast, jf. lovutkastet § 17. Spørsmålet om å innføre aldersgrense for deltaking i statlege spel som ligg utanfor lotteriloven sitt verkeområde, vil bli vurdert i samband med den samla gjennomgangen av statlege og private spel og lotteri.

Handheving av aldersgrense vil i stor grad bli basert på oppfølging av lokalinnhavar, med stikkprøvekontroll frå Lotteritilsynet og politiet. Departementet vil elles leggje til grunn justiskomiteen si uttale i Innst. O. nr. 33 (1999-2000) side 20 om oppstilling av speleautomatar.

### 1.5.4 Alkoholhaldige drikkevarer som gevinst

I Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) vart det føreslått å opne for alkoholhaldige drikkevarer som gevinst i smålotteri, slik at det vert samsvar mellom lotteriloven og alkoholloven § 8-6. Justiskomiteen støtta forslaget i Innst. O. nr. 33 (1999-2000), og det vert følgt opp i proposisjonen jf. lovutkastet § 9.

### 1.5.5 Tilbakekall, administrative reaksjonar og straff

I utkastet til ny lotterilov i Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) var det m.a. teke inn reglar om tilbakekall, administrative reaksjonar og straff. Justiskomiteen slutta seg til dette forslaget i Innst. O. nr. 33 (1999-2000).

I høyringsbrevet vart forslaga tekne opp igjen. Det vart dessutan føreslått at gebyr og avgifter etter lotteriloven skulle vere tvangsgrunnlag for utlegg, at Statens Innkrevjingsentral skulle ha avgrensa særnamsmakt for gebyr og tvangsmulkt etter loven, og at departementet får heimel til å gje føresegner om framgangsmåten ved bruk av pålegg, førelegg og tvangsmulkt.

Ingen av høyringsinstansane hadde innvendingar til dette, og departementet følgjer opp forslaga, jf. nye §§ 14 til 14 d samt § 3 ny bokstav j i lovutkastet.

## 1.6 Finansiering av Lotteritilsynet og Lotterinemnda

I Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) var det lagt opp til at den nye tilsynsordninga for lotteri skulle finansierast gjennom gebyr og avgifter. Justiskomiteen slutta seg til dette, og ba om at storleiken på gebyra vart lagt fram for Stortinget.

Oppretting av Lotteritilsynet og Lotterinemnda vil auke det offentlege sine samla utgifter på dette feltet. Dei årlege inntektene bør liggje på om lag 62 mill. kroner, mot 17 mill. kroner i dag. I tillegg kjem dei første åra dekning av etableringskostnader på ca. 15 mill. kroner.

Inntektene bør baserast på gebyr og avgifter knytt til alle typar lotteri. Satsane for avgift og gebyr bør så langt som mogleg spegle det offentlege sine reelle kostnader ved lotteriet. Verksemda i dei ideelle organisasjonane bør så langt som mogleg skjermast, slik at det er driftsledet i marknaden som i størst mogleg grad bidrar til kostnadsdekninga.

Forslaga til gebyr i høyringsbrevet var:

- Gebyr for godkjenning av organisasjonar blir 600 kroner, for autorisasjon av entreprenør 12 000 kroner, og for lokalinnhavar 1 200 kroner. Det vil vere naudsynt med ny godkjenning av alle organisasjonar, også dei som i dag er godkjende. Samla vil desse gebyra gje eingongsinntekter på ca. 12 mill. kroner.
- Gebyr for registrering i lotteriregisteret av organisasjon, entreprenør, lokalinnhavar eller automat blir 300 kroner. For endringsmelding vert det betalt 150 kroner. Registrering av dagens aktørar og automatar vil gje ca. 11,6–12,6 mill. kroner i inntekt. Til dette kjem inntekter frå registrering av nye automatar pr. år på ca. 1,5 mill. kroner.
- Gebyr for oppstilling av gevinstautomat (unnateke lotteriautomat, dvs. gevinstautomat der gevinsten vert utbetalt ved verdikupongar) eller underhaldningsautomat blir 1 500 kroner pr. år. Gebyr for oppstilling av lotteriautomat vert 25 kroner pr. dag, som no. For bingo vart det føreslått å auke gebyret frå 25 kroner i dag til 50 kroner pr. arrangement. Gebyra vil samla sett gje inntekter på 55-62 mill. kroner pr. år.

Departementet viser til at underhaldningsautomatar ikkje vert rekna som lotteri, og kan drivast som privat næringsverksemd. Same kontrollomsyn gjer seg likevel gjeldande for underhaldningsautomatar, og det bør difor innførast avgifter i same storleik som for gevinstautomatane.

- For løyve til å halde lotteri vert gebyret 1 pst. av gevinstverdien, men maksimum 3 000 kroner. For trekning av lotteri skal organisasjonen betale trekningavgift tilsvarande 1 pst. av gevinstverdien, men minimum 300 kroner og maksimum 3 000 kroner.

Løyveavgiften er òg i dag ca. 1 pst. av gevinstverdi, men minimumsavgifta er 10 kroner, medan høgaste avgift er 1 000 kroner. Denne satsen vart fastsett i 1988. Minimumsavgifta for trekning av lotteri er i dag 25 kroner, medan høgaste avgift er 500 kroner. Inntektene frå dei nemnde gebyra vil venteleg samla sett liggje rundt 5 mill. kroner.

- For handsaming av søknader om typegodkjenning av gevinstautomatar skal produsent eller importør betale 3 000 kroner. Utgiftene til førehandskontrollen vert i dag dekte av produsenten.
- Søkjaren dekkjer etter gjeldande reglar utgiftene med å få skrapelodd eller gevinstautomatar godkjent. Lotteritilsynet skal føre kontroll med at alle automatar som vert oppstilte i landet er i samsvar med typegodkjenninga, og dette vert dekt over tilsynet sitt budsjett. Dersom kontrollørar vert tilkalt for å godkjenne endringar eller kontrollere utstyr, bør tilsynet kunne krevje refusjon av utgiftene frå innehavaren av lokalet eller utstyret.
- Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto skal betale årsgebyr for dei tenestene kontrollorgana gjer, tilsvarende dei utgiftene ein får.

Somme høyringsinstansar meiner at dei budsjetterte kostnadene for drifta av Lotteritilsynet er for høge. Det vert vist til at den tilsvarende Lotteriinspektionen i Sverige har 19 tilsette, 80 kontrollørar og eit budsjett på 21 mill. kroner.

Samarbeidsutvalget for Norsk Humanitær Automatvirksomhet (SUNHA) er òg av den oppfatning at eingongsgebyra for godkjenning av føremål og entreprenør er for lave. SUNHA meiner at departementet sine opplysningar om at speleautomatane gjev ein bruttoomsetnad på nærare 10 mrd. kroner i 1999 ikkje er rett, og viser til at desse inntektene var ca. 7 mrd. kroner. SUNHA meiner at nettoinntekten bør vere grunnlaget når kostnadsdekninga for Lotteritilsynet skal fastsetjast. Fråtrekt ein gevinstdel på ca. 80 pst. vil dei reelle inntektstala utgjere ca. 1,4 mrd. kroner.

Oslo politidistrikt meiner det er grunn til å frykte at gebyret for autorisasjon av lokalinnhavar i stor grad vil bli betalt av entreprenøren eller det lotteriverdige laget, og føreslår i staden høgare avgift på utplasing av speleautomatar.

Fleire instansar uttaler at gebyrstrukturen er unødvendig komplisert, og føreslår at ein innfører eitt ein-skilt gebyr basert på ein prosentvis del av overskotet frå den ein-skilde automaten. Nokre meiner at gebyret for gevinstautomatar er for høgt, og at det ikkje bør leggjast avgift på underhaldningsautomatar. Det vert vidare peika på at forslaget vil føre til at gebyret pr. bingo-arrangement aukar med 100 pst.

Departementet meiner at dersom gebyra for gevinstautomatane vert knytt opp til omsetaden i den ein-skilde automaten, vil det føre til eit meir komplisert fakturerings- og innkrevingsarbeid.

Det verkar elles mest naturleg at gebyr på oppstilling av gevinstautomatar vert lagt på entreprenøren som har det praktiske ansvaret for drifta. Prinsippet om at gebyra bør knytast opp mot inntekta og mot trongen for kontroll, gjer etter departementet si meining at gebyra bør knytast til den ein-skilde automaten, i staden for å auke gebyra for godkjenning av organisasjonar m.v.

Departementet viser vidare til at ulik handsaming av lotteriautomatar og andre gevinstautomatar har historiske årsaker, men reelle omsyn talar for at alle gevinstautomatar vert gebyrpliktige.

Den harde konkurransen i bingo marknaden har medført at ein stadig større del av omsetnaden går til gevinstar, og departementet føreslår i proposisjonen at bingoavgifta førebels vert halden på dagens nivå med 25 kroner pr. arrangement. Utover dette held ein fast ved forslaget om gebyr og avgifter slik det er utforma i høyringsbrevet.

For å finansiere utgiftene i inneverande år i samband med etableringa av Lotteritilsynet, tek departementet sikte på å fastsetje at årsavgifta for oppstilling av gevinstautomatar vert innført med verknad frå 2000.

Departementet peikar på at så vel talet på automatar som talet på oppstillingsstader er høgare i Noreg enn i Danmark og Sverige. Noreg har i tillegg større geografiske utfordringar i kontrollarbeidet. Det er på denne bakgrunn trong for eit større inspektørkorps i Noreg enn i Sverige.

Reglane om gebyr og avgifter til finansiering av Lotteritilsynet og Lotterinemnda skal gjevast i føresegn med heimel i § 3.

## 1.7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er ein føresetnad at Lotteritilsynet ved full drift vil ha 35 tilsette, samt 150 deltidstilsette inspektørar og eit årsbudsjett på 45 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter ved Statskontrollen ved Norsk Tipping AS, Statens kontrollkomité ved Norsk Rikstoto og statens inspektørar ved baner som kjører løp med totalisator.

På departementsnivå vil det framleis stå igjen eit omfattande arbeid knytt til opprydding i føresegnene og bemanninga vert difor ikkje vesentleg redusert i samband med at ansvaret for lotteriloven vert overført frå Justisdepartementet til Kulturdepartementet.

## 2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Astrid Marie Nistad, Morten Olsen, Jan Petter Rasmussen og Åge Tovan, frå Framstegspartiet, Jan Simonsen og Jørn L. Stang, frå Kristeleg Folkeparti, Finn Kristian Marthinsen og Åse Wisløff Nilssen, frå Høgre, lei-

aren Kristin Krohn Devold og Bjørn Hernæs, og frå Senterpartiet, Tor Ny-mo, er nøgd med at Regjeringa har kome attende til Stortinget med endringsforslag til lotterilova, som er i tråd med det fleirtalet i Stortinget slutta seg til under handsaminga av Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) og Innst. O. nr. 33 (1999-2000).

Med bakgrunn i at Stortinget støtta oppretting av eit lotteritilsyn og ei lotterinemnd i vedtak den 21. desember 1999, vert det i proposisjonen gjort framlegg om at reglar om tilsyn og kontroll med dei private og statlege lotteriaktørane vert tekne inn i lotterilova av 1995. Det vert òg gjort framlegg om enkelte endringar ut over det som følgjer av Innst. O. nr. 33 (1999-2000), mellom anna om korleis Lotteritilsynet og Lotterinemnda skal finansierast med ulike gebyr og avgifter.

Komiteen understrekar at ei overordna målsetting med lotterilova er å sikre dei frivillige organisasjonane sitt inntektsgrunnlag, og dermed sikre drifta av verdifulle samfunnsmessige og humanitære føremål som organisasjonane driv og finansierar. Komiteen framhevar derfor at regelverket må utformast i tett samarbeid med dei frivillige organisasjonane sjølve.

Komiteen understrekar at Lotteritilsynet og regelverk ikkje må organiserast eller utformast slik at økonomiske midlar vert flytta frå viktige humanitære føremål til statlege gebyr og eit unødig omfattande offentleg byråkrati.

Komiteen har elles merka seg at Regjeringa har følgd opp komiteen sin merknad i høve til organiseringa av ansvaret for den samla spele- og lotterimarknaden på departemenetsnivå, og har ingen merknader til at det vert overført til Kulturdepartementet frå 1. januar 2000.

Komiteen viser til at det er maksimumsgrense for innsats og grense for toppgevinst, og det vert aldersgrense for dei private spela, utan at det samstundes vert fremma forslag om tilsvarande grense for statlege pengespel. Komiteen understrekar at målsettinga må vere likeverdige rammevilkår for pengespel i Noreg, enten dei er drevne av staten eller av frivillige humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar.

Komiteen har merka seg organisasjonane si påpeiking av forskjellshandsaminga mellom statlege og private spel med omsyn til innbetaling av avgift, der dei private spela vert pålagde avgift på forskot, medan statlege spel betaler etterskotsvis. Komiteen føreset at Regjeringa legg fram forslag til eit nytt system for innbetaling som gjev lik handsaming mellom statlege og private spel.

Komiteen ventar at Regjeringa kjem attende til Stortinget på ein eigna måte om fordelinga av spelemarknaden mellom private og statlege spel og eventuelle lovendringar i samband med dette.

Komiteen har merka seg at Norsk Tipping AS og Rikstoto har fått høve til å prøve spel via internett. Sidan komiteen ønskjer like rammevilkår mellom statlege og private pengespel, meiner komiteen at fleire aktørar bør få høve til å vinne erfaring med spel og lotteri via internett. Ut frå eit likehandsamingsprinsipp bør det derfor opnast for tilsvarande prøveløyve til frivillige organisasjonar som ønskjer å sette i gong med dette.

Komiteen understrekar at mykje talar for eit skilje mellom lotteriverdig organisasjon og verksemd som entreprenør eller lokalinnhavar.

Komiteen har merka seg at forslag til nye føresegner om typegodkjenning av gevinstautomatar har vore ute på høyring og at det er kome fram til ei forståing mellom partane om dei nye føresegnene som no er vedtekne. Komiteen tek dette til orientering.

Komiteen har merka seg at departementet vil gjennomføre ein gjennomgong av regelverket for bingo.

Komiteen held fast på at det skal vere rekneskaps- og revisjonsplikt og at plikta må gjenspeglast både i lov og føresegn.

Komiteen understrekar at finansieringa av Lotteritilsynet og Lotterinemnda skal ha som utgangspunkt at gebyr og avgifter skal kunne spegle det offentlege sin reelle kostnad til forvaltning og kontroll av lotteriområdet. Finansieringa skal primært leggjast på driftsledet slik at innteksandelen til organisasjonane sine føremål vert verna.

Komiteen ser klårt behovet for at Lotteritilsynet vert underlagt nøye parlamentarisk kontroll, fordi konsekvensane av tilsynet si verksemd er svært store for frivillige organisasjonar som det er av stor samfunnsmessig verdi å stø opp om. Komiteen understrekar derfor komiteen sin merknad i Innst. O. nr. 33 (1999-2000):

«Komiteen ser det som viktig at det blir ført overordnet kontroll med at de overordnede politiske mål følges opp. Komiteen mener Stortinget skal utforme regelverket og at Lotteritilsynet skal komme med innspill og håndheve regelverket.»

Komiteen sitt fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, peikar på at så lenge Lotteritilsynet vert basert på Stortinget sine retningslinjer, nedfelt i Innst. O. nr. 33 (1999-2000), vil det ikkje vere avgjerande med eit særskilt styre for tilsynet. Fleirtalet meiner likevel utviklinga bør følgjast nøye, og meiner departementet bør vurdere eventuelt nye organisatoriske løysingar dersom det skulle vise seg naudsynt.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Høgre og Framstegspartiet, vil peike på at for å oppnå at finansiering av Lotteritilsynet og Lotterinemnda primært skal leggjast på driftsledet, kan ein-gongsgebyra for autorisasjon av entreprenør og god-

kjenning av organisasjonen aukast. Gebyrstrukturen for automatar er knytta opp til den enkelte automat. Alle automatar som vert stilte opp vil generere gebyr. Med ei slik ordning vil det vere naturleg at gebyret vert lagt til entreprenørleddet som eigar av automaten. Ei slik ordning vil også gje større tryggleik for at avgiftsinntektene direkte speglar av talet på automatar som skal kontrollerast og at årleg avgift gir tilsynet betre oversikt over inntektene. Dette fleirtalet vil understreke at sjølve løyvet til oppstilling høyrer til den organisasjonen som står ansvarleg for oppstillinga. Entreprenørar som ikkje er eigd av lotteriverdige organisasjonar forvaltar store betrudde midlar som tilhøyrer gode føremål. Det bør difor stillast strenge krav for å oppnå autorisasjon som entreprenør. Det bør stillast krav om økonomiske garantiar av vesentleg storleik for dei uavhengige entreprenørane. Dette fleirtalet ber departementet kome attende til Stortinget med framlegg om dette. Eit slikt garanti-krav vil sikre inntektene for føremåla og er av stor verdi for dei små lotteriverdige organisasjonane som ikkje har ressursar til sjølv å sjå til at deira interesser vert teke vare på.

Dette fleirtalet vil understreke at det er viktig å ha kontroll med oppstillingsplassar og automatar då desse berre skal spele inn inntekter til samfunnsmessige eller humanitære føremål.

Dette fleirtalet syner vidare til aldersgrensa på 18 år for speleautomatar, og ber om at det vert vurdert å innføre aldersgrense og på statlege spel. Styresmaktene må ta i bruk den kunnskapen som er erverva gjennom nyare forskning på området i arbeidet med å hindre at einskilde menneske vert avhengig av pengespel.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet, har ingen innvendinger til at Kulturdepartementet forvaltar det samlede regelverk for spillemarkedet, men peker på problemet knyttet til at Kulturdepartementet i fremtiden både blir tilrettelegger og kontrollør for spillemarkedet, samtidig som statsråden er generalforsamling for den største aktøren Norsk Tipping. Dette vil etter dette flertallets syn innebære at selve generalforsamlingsfunksjonen og eierrollen i fremtiden bør utøves av et annet departement.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre vil påpeke at Lotteritilsynet vil kunne ha stor innflytelse på inntektsmulighetene til de private organisasjonene, samt fordelingen mellom de statlige og de uavhengige pengespill. Det vil derfor være viktig og riktig at tilsynet, som vil opptre som en konkurranseregulerende enhet overfor markedet, fører tilsyn basert på demokratiske prinsipper i alle sammenhenger.

Disse medlemmer mener at når man nå får regler om autorisasjon av entreprenører, må regelverket rundt godkjenning av lokalinnhavere ikke bli for omfattende og uoversiktlig.

Disse medlemmer har merket seg organisasjonenes anbefaling om et klart forretningsmessig skille mellom entreprenør og lokalinnhaver, og ber Regjeringen komme tilbake med en vurdering av hvordan et slikt eventuelt skille kan gjennomføres.

Disse medlemmer vil hevde at de budsjetterte kostnader for drift av Lotteritilsynet er for høye. De ulike typer gebyrer som foreslås innført vil virke urimelige, spesielt for de humanitære og samfunnsnyttige formål. Den foreslåtte gebyrstruktur er unødvendig komplisert og de totale gebyrinntektene bør ikke være mer enn de faktiske kostnader for tilsynet. Gebyrene må ikke være av en slik art at man knekker den økonomiske ryggraden på samfunnsnyttige lag og organisasjoner.

Disse medlemmer har merket seg synspunktene fra de frivillige organisasjonene om at kontrollapparatet for lotteridriften er overdimensjonert overfor et stort flertall av seriøse frivillige organisasjoner. Disse medlemmer er bekymret for en utvikling der betydelige kostnader veltes over på de frivillige organisasjonene, og svekker deres muligheter til å drive de samfunnsnyttige formål lotteriene er ment å finansiere. Disse medlemmer har merket seg at organisasjonene mener at behovet for et kontrollapparat i Lotteritilsynet kan reduseres betydelig gjennom å stille strengere krav til entreprenørene gjennom en autorisasjonsordning.

Disse medlemmer ber derfor Regjeringen i samarbeid med de frivillige organisasjonene utforme forslag til en ny autorisasjonsordning for entreprenører, utfra målsettingen om å holde kostnadene for Lotteritilsynets kontrollapparat nede på et forsvarlig, men lavest mulig nivå.

Disse medlemmer har merket seg organisasjonenes påpeking av det urimelige i å legge automatens bruttoomsetning til grunn for en avgift, når gevinstutbetalingsandelen varierer. Dette vil være en klar forskjellsbehandling av ulike automater med samme nettogevinst. Disse medlemmer er enig i at dette vil gi en urettferdig kostnadsfordeling mellom sammenlignbare aktører, og ber Regjeringen legge frem en alternativ beregningsmodell basert på nettoomsetning som beregningsgrunnlag.

Disse medlemmer støtter organisasjonenes forslag om å unnta rene underholdningsautomater fra lovforslaget, slik at loven konsentrerer seg om pengespill, herunder også de statlige spillene, når samordningen mellom statlige og private spill under Kulturdepartementet gjennomføres.

Disse medlemmer er tilfreds med at det nå er oppnådd enighet mellom organisasjonene og departementet om automatforskriften, i tråd med Stortingets

forutsetninger. Disse medlemmer legger til grunn at organisasjonenes inntektsgrunnlag skal opprettholdes, og at rammebetingelsen i forskriften tas opp til ny vurdering hvis utviklingen skulle vise seg å være i strid med forutsetningene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det bør etableres et styre for Lotteritilsynet som må ha en bred sammensetning med representanter fra ulike miljøer/organisasjoner i spillmarkedet, og som er uavhengig av lotteriforvaltningen. Disse medlemmer fremmer forslag om endring av § 4 i tråd med dette.

Det bør ikke innføres noe krav om at en virksomhet må organiseres i et eget selskap for å kunne få autorisasjon som entreprenør. Det bør vurderes om autorisasjonsordningen skal gjelde hele styret i et entreprenørfirma og ikke bare for styreleder eller daglig leder.

Disse medlemmer ønsker ikke å innføre aldersgrense på spill, verken for statlige eller private spill. Hvis aldersgrense likevel innføres, må konsekvensene bli at dette må gjelde for alle typer spill, slik at man ikke får forskjellsbehandling i spillmarkedet. Disse medlemmer vil hevde at det vil bli svært vanskelig å gjennomføre kontroll av aldersgrense og synes ikke det vil være riktig å pålegge politiet denne type oppgave. Disse medlemmer vil etter dette stemme imot § 8 a i lovutkastet, og støtter subsidiært Høyres forslag 3.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til hva justiskomiteen sa om likebehandling av statlige og private spill i Innst. O. nr. 33 (1999-2000), og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag til felles aldersgrense for statlige og private pengespill.»

Disse medlemmer foreslår i tillegg en endring i § 8 a, slik at lovfestet aldersgrense blir 16 og ikke 18 år.

Disse medlemmer har for øvrig merket seg organisasjonenes bekymring for at det ikke opprettes et styre for Lotteritilsynet, og viser til merknaden angående styret ovenfor fra komiteens flertall.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti viser til at da alkoholloven ble vedtatt 16. mai 1997, ble det åpnet for at alkohol kunne benyttes som gevinst i rent private sammenhenger. Bestemmelsen skulle forstås snevert slik at alkohol som gevinst ikke ville være lovlig dersom lotteriet er åpent for en relativt ubestemt krets av personer. Den foreslåtte endring i lotteriloven § 9, som tillater alkohol som gevinst i private smålotterier, går etter disse medlemmers oppfatning lenger enn alkoholovens § 8-6. En utvidelse i forhold til det som ble omtalt i forbindelse med endringene i alkoholloven er ikke ønskelig av alkoholpolitiske grunner, og disse medlemmer vil etter dette stemme imot den foreslåtte endring av lotteriloven § 9.

skelig av alkoholpolitiske grunner, og disse medlemmer vil etter dette stemme imot den foreslåtte endring av lotteriloven § 9.

### 3. FORSLAG FRÅ MINDRETAL

#### Forslag frå Framstegspartiet:

##### Forslag 1

I lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier m.v. gjøres følgende endring:

§ 4 annet ledd skal lyde:

Lotteritilsynet ledes av et styre oppnevnt av Kongen. Departementet fastsetter en instruks for styret.

#### Forslag frå Høyre:

##### Forslag 2

I lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier m.v. gjøres følgende endring:

§ 8 a første ledd skal lyde:

Aldersgrensen for spill på gevinstautomater er 16 år.

##### Forslag 3

Stortinget ber Regjeringen fremme forslag til felles aldersgrense for statlige og private pengespill.

### 4. KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og rå Odelsstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier m.v.

I

I lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier m.v. gjøres følgende endringer:

§ 3 flyttes til kapittel I og skal lyde:

##### Forskrifter

Departementet kan gi forskrifter til gjennomføring av denne lov, og herunder fastsette:

- regler for behandling av søknader
- generelle vilkår for å avholde lotterier
- økonomiske rammebetingelser for de forskjellige typer lotterier
- krav om godkjenning og kontroll med trekkninger og spilleinnretninger

- e) krav om sikkerhetsstillelse for gevinster og håndtering av uavhentede gevinster
- f) krav til regnskapsføring og revisjon, herunder bestemmelser ut over de krav som følger av regnskapsloven
- g) krav til lotteriarrangør, lotterientreprenør, lokalinnhaver og produsent/leverandør av utstyr til lotterivirksomhet
- h) krav til spillehaller
- i) forbud mot lotteriformer eller besittelse av lotteriinnretninger som lett kan misbrukes eller vanskelig kan kontrolleres
- j) nærmere regler om tilbakekall, herunder bestemmelser om utestenging for en avgrenset periode, samt gi nærmere bestemmelser om framgangsmåten ved ileggelse av pålegg, administrativt forelegg og tvangsmulkt.

Departementet kan ved forskrift bestemme at det skal betales årsavgift for oppstilling av gevinst- og underholdningsautomater og at det skal betales særskilt avgift for hvert lotteriarrangement. Departementet kan bestemme at kontrollmyndighetens utgifter ved behandling av søknader, godkjenning, autorisasjon, registrering, trekning og kontroll av spilleinnretninger samt regnskapskontroll skal dekkes av lotteriarrangør eller annen rekvirent ved særskilt fastsatt gebyr.

Departementet kan ved forskrift gi nærmere bestemmelser om Lotteriregisterets innhold, herunder om hvilke opplysninger som skal medtas i utskrift fra registeret og i hvilken grad det skal betales gebyr for utskrift.

Nåværende § 4 oppheves.

Kapittel II skal lyde:

Kapittel II. Lotterimyndighetene - krav til lotteriarrangører m.v.

#### § 4 Lotteritilsynet

Lotteritilsynet skal føre kontroll med at bestemmelser som er gitt i eller i medhold av denne loven blir overholdt. Lotteritilsynet avgjør saker som er lagt til Lotteritilsynet i eller i medhold av loven her, og er klageinstans for vedtak truffet av politiet. Departementet kan gi generelle pålegg til Lotteritilsynet, men ikke instruere Lotteritilsynet i enkeltsaker.

Lotteritilsynet ledes av en direktør oppnevnt av Kongen. Departementet fastsetter en instruks for stilingen.

#### § 4 a Lotterinemnda

Lotterinemnda er klageinstans for Lotteritilsynets vedtak. Departementet kan gi generelle pålegg til Lotterinemnda, men ikke instruere Lotterinemnda i enkeltsaker.

Lotterinemnda skal bestå av en leder og to medlemmer, alle med personlig oppnevnte varamedlemmer. Lotterinemnda oppnevnes av Kongen. Nemndas medlemmer oppnevnes for fire år. Gjenoppnevning kan foretas en gang. Vervet er frivillig. Suppleringer i løpet av perioden foretas av departementet. Departementet kan løse et medlem av nemnda fra vervet dersom medlemmet ikke har overholdt sin taushetsplikt, grovt har krenket andre plikter som følger av vervet eller selv ber om det.

Lotterinemnda skal ha et sekretariat, som foretar saksforberedelse og fremleggelse for Lotterinemnda.

Lotterinemnda kan bare treffe vedtak når alle medlemmene er til stede. Saker avgjøres ved flertallsvedtak.

Departementet kan gi regler om Lotterinemndas organisering av arbeidet, herunder at enkelte sakstyper kan avgjøres av nemndas leder eller av nemndas sekretariat.

#### § 4 b Godkjenning

Lotteritilsynet gir tillatelse og godkjenning etter §§ 6 og 10 første ledd.

Departementet kan gi det enkelte politidistrikt myndighet til å godkjenne lokale organisasjoner eller foreninger som skal avholde enkeltstående bingoarrangement i egen regi.

#### § 4 c Autorisasjon

Entreprenører som skal arrangere lotteri på vegne av en organisasjon eller forening må være autorisert. Skal et lotteri som trenger tillatelse etter §§ 6 og 10 avholdes i et fast lokale, må innehaveren av lokalet være autorisert.

Autorisasjon gis av Lotteritilsynet. Departementet kan gi det enkelte politidistrikt myndighet til å autorisere lokalinnhavere for nærmere angitte lotterier.

#### § 4 d Lotteriregisteret

Godkjenning og autorisasjon gitt i medhold av §§ 4 b og 4 c samt tillatelser til oppstilling av gevinstautomater og underholdningsautomater skal registreres i et sentralt register. Vedtak om tilbakekall av godkjenning, autorisasjon eller tillatelse til automatoppstilling skal registreres i registeret.

#### § 4 e Eierskap og overskuddsfordeling

Opptrer en organisasjon eller forening med et humanitært eller samfunnsnyttig formål som lokalinnhaver eller entreprenør, skal de to virksomhetene være klart adskilt organisasjonsmessig og regnskapsmessig m.v.

Lokalinnehaver, entreprenør og organisasjoner og foreninger med humanitært eller samfunnsnyttig formål plikter å melde til Lotteritilsynet ethvert eier-



skap i virksomheter som omfattes av loven her. Det samme gjelder endringer i slike eierforhold.

§ 4 f Regnskaps- og revisjonsplikt

Den som er godkjent eller autorisert i medhold av §§ 4 b og 4 c er regnskapspliktig etter regnskapsloven med mindre tilsvarende regnskapsplikt følger av annen lovgivning. Dersom virksomhet som nevnt i første punktum inngår i annen næringsvirksomhet, skal lotterivirksomhetens inntekter og utgifter framgå særskilt av regnskapet.

Den som har regnskapsplikt etter paragrafen her, er også revisjonspliktig etter reglene i revisorloven. Dette gjelder likevel ikke for den som kun opptrer som lokalinnhaver.

Lotteritilsynet kan gi dispensasjon fra reglene om regnskaps- og revisjonsplikten i paragrafen her.

§ 8 annet ledd første punktum skal lyde:

Forhånds- eller etterskuddstrekning foretas av Lotteritilsynet, politiet eller annen myndighet etter departementets bestemmelse.

Ny § 8 a skal lyde:

§ 8 a Aldersgrense

Aldersgrensen for spill på gevinstautomater er 18 år.

Departementet kan i forskrift fastsette aldersgrenser for deltakelse i andre lotterier.

§ 9 første ledd nytt annet punktum skal lyde:

Alkoholholdige drikkevarer som premie eller gevinst i private smålotterier er likevel tillatt i den utstrekning dette følger av lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. § 8-6.

Nåværende annet punktum blir nytt tredje punktum.

§ 10 første ledd første punktum skal lyde:

Det er forbudt for andre enn organisasjoner og foreninger som har fått godkjenning av Lotteritilsynet å avholde lotteri gjennom oppstilling av utbetalingsautomater.

§ 10 annet ledd skal lyde:

Politiet kan bare gi tillatelse til oppstilling av utbetalingsautomater til organisasjoner og foreninger som er blitt godkjent av Lotteritilsynet etter første ledd.

§ 12 første ledd skal lyde:

Kontrollmyndigheten skal etter anmodning gi innsyn i regnskapene til de foreninger, organisasjoner m.v. som avholder lotteri etter denne lov, eller har søkt om dette.

§ 12 tredje ledd skal lyde:

Kontrollmyndigheten har til enhver tid

- a) adgang til sted hvor loddsalg foregår for å kontrollere at lotteriet foregår i henhold til lov, forskrift og vilkår som er fastsatt i medhold av lov.
- b) adgang til å kontrollere de innretninger som brukes til spill eller trekning av lotterier som omfattes av denne lov, og kan forlange dem undersøkt på eierens eller brukerens bekostning.

§ 13 første ledd skal lyde:

Kontrollmyndigheten kan fastsette vilkår for lotteriet.

§ 13 tredje ledd skal lyde:

Under forhold som nevnt i annet ledd kan kontrollmyndigheten fastsette vilkår for fortsatt drift av lotterier som nevnt i § 7.

§ 14 og nye §§ 14 a til 14 d skal lyde:

§ 14 Tilbakekall av godkjenning, autorisasjon og tillatelse

Godkjenning, autorisasjon og lotteritillatelse kan kalles tilbake dersom det skjer gjentatte eller alvorlige brudd på bestemmelser i loven her eller bestemmelser eller vilkår i medhold av denne loven.

Tilbakekall kan også finne sted dersom lotterivirksomheten har forårsaket gjentatte eller alvorlige brudd på ro og orden eller forårsaker et miljø som er skadelig for barn og unge.

Lotteritilsynet eller den departementet bemyndiger kan nedlegge forbud mot fortsatt virksomhet dersom det foreligger overtredelser som nevnt i første ledd ved lotterier som nevnt i § 7 første ledd, eller dersom slik lotterivirksomhet har ført til forhold som nevnt i annet ledd.

Ved tilbakekall av godkjenning, autorisasjon og tillatelse kan lotterimyndighetene fastsette en frist for avvikling av lotteriet.

Dersom innretning som brukes til spill eller trekning av lotterier ikke virker tilfredsstillende, skal lotteritillatelsen tilbakekalles straks.

Er vilkårene for tilbakekall av godkjenning, autorisasjon og tillatelse etter første ledd ellers til stede, kan lotterimyndighetene bestemme at lotteriet skal avvikles ved hjelp av særskilt oppnevnt bestyrer og i den forbindelse kreve det nødvendige materiale utlevert fra lotteriarrangøren. Den som har fått godkjenning, autorisasjon eller tillatelse tilbakekalt, kan holdes ansvarlig for det offentlige utgifter ved avviklingen.

§ 14 a Pålegg om retting av ulovlig forhold og opphør og stenging av ulovlig virksomhet

Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov kan Lotteritilsynet gi pålegg til

den ansvarlige om å rette det ulovlige forholdet, eller om at den ulovlige virksomheten skal opphøre eller stenge. Ved utferdigelse av pålegg skal det settes en frist for oppfyllelse og gis opplysning om at vedtaket vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom.

**§ 14 b Administrative forelegg om plikt til å etterkomme pålegg**

Lotteritilsynet kan utferdige administrative forelegg mot den som innen fastsatt frist unnlater å etterkomme pålegg gitt med hjemmel i § 14 a. Er det gått mer enn 6 måneder etter at pålegget ble gitt, skal den som forelegget rettes mot gis anledning til å uttale seg før forelegget utferdiges. Forelegget skal gi opplysninger om bestemmelsen i annet ledd og skal så vidt mulig forkynnes for den det er rettet mot.

Den som forelegget rettes mot, kan reise søksmål mot staten for å få forelegget prøvd. Blir søksmål ikke reist innen 30 dager fra forkynnelse, har forelegget samme virkning som rettskraftig dom og kan fullbyrdes etter reglene for dommer.

Forelegget kan ikke påklages.

**§ 14 c Tvangsmulkt**

Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov kan Lotteritilsynet fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitt pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkt kan fastsettes samtidig med pålegg og løper fra fristoversittelsen etter pålegget. Der tvangsmulkt ikke er fastsatt samtidig med pålegg, kan det ved overtredelse av pålegg fastsettes ny frist. Det kan fastsettes at mulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer og/eller at den ilegges som et engangsbeløp. Tvangsmulkten ilegges den ansvarlige for det ulovlige forhold.

Lotterimyndigheten kan nedsette eller frafalle pålagt mulkt når særlige grunner taler for det.

**§ 14 d Tvangsinndrivelse**

Gebyrer og avgifter i medhold av § 3 annet ledd og tvangsmulkt etter § 14 c er tvangsgrunnlag for utlegg.

Når Statens Innkrevingsentral er pålagt å innkreve krav som nevnt i første ledd, kan den inndrive kravene ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingsentralen kan også inndrive kravene ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingsentralens kontor etter tvangsfullbyrdesloven § 7-9 første ledd.

§ 15 oppheves.

§ 17 skal lyde:

**Straff**

Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer bestemmelser i loven her eller bestemmelser eller vilkår i medhold av denne loven, straffes med bøter eller fengsel inntil ett år. Medvirkning straffes på samme måte. Forsøk er straffbart.

Grov overtredelse straffes med bøter eller fengsel inntil tre år. Ved avgjørelsen av om overtredelsen skal regnes som grov, skal det særlig legges vekt på om handlingen gjelder et betydelig beløp, er rettet mot barn eller av andre grunner må anses som særlig skadelig. Ved overtredelse av forskrift etter § 3 første ledd bokstav i og ved overtredelse av § 16 skal forholdet alltid anses som grovt.

Overtredelse som nevnt i første ledd er forseelse. Overtredelse som nevnt i andre ledd er forbrytelse.

Ved overtredelse av § 4 f gjelder regnskapsloven § 8-5.

**II**

Loven gjelder fra den tid Kongen fastsetter. De enkelte bestemmelser kan settes i kraft fra ulik tid.

Kongen kan gi nærmere overgangsregler.

Oslo, i justiskomiteen, den 2. november 2000

**Kristin Krohn Devold**  
leiar

**Astrid Marie Nistad**  
ordførar

**Jan Simonsen**  
sekretær